

HELGHEIMSDALEN.

LANDSKAP

Tilkomstsona

Traktorveg (ca 600m) i relativt bratt terreng. Sona er prega av store granfelt som også strekker seg litt inn i stølssona. Elva er derfor lite synleg i landskapsbildet.



Bilde 1: Granskogen dominerer landskapsbildet i nedre del av dalen.

Stølssona

Frå øvste del av tilkomstsona opnar stølssona seg i eit klart definert dalrom med Husstøylen i eine lisida og Helgheimstølen inn mot dalbotnen som markerte bygningsmiljø med god visuell kontakt. I nedre delen i den slake dalbotnen er det store oppslag av lauvskog, hovudsakleg bjørk. Lenger inn er det lite overordna vegetasjon. Traktorvegen er lagt langs elva og går heilt inn mot Helgheimstølen. I området nedanfor stølen er vegen og moreneavsetningane godt synlege i dette opne landskapet utan overordna vegetasjon. Ei kraftline kryssar nedste delen av stølssona og følgjer lisona over i skaret mot Årdalen.



Bilde 2: Nedre del av stølssona med utsikt mot Huusstøylen på austsida av elva.



Bilde 3: Øvre del av stølssona med utsikt mot Helgheimstølen. Nedanfor stølen ligg eit stort kupert område som er endemorener frå siste istid. Det går traktorveg nesten heilt inn til stølen.



Bilde 4: Teke frå stølsvollen og nedover mot moreneområdet og traktorvegen.

NÆRINGSINTERESSER OG ANDRE BRUKARINTERESSER

Landbruk

Det er ikkje stølsdrift på stølane. Stølshusa er godt vedlikehalde og vert for det meste nytta til rekreasjon for grunneigarane. Hovudsakleg beiteområde for sau.

Friluftsliv

Området nyttast som nærfriluftsområde sommar og vinter. Elles nyttast området som turutgangspunkt vidare inn i fjellområdet. Umerka sti innover dalen over Vasskarvatna til Skjorta. Den gamle stølsstien er stort sett borte ettersom traktorvegen hovudsakleg er lagt i traseen.

INNSPEL FRÅ GRUNNEIGARANE

Ynskjer at LVO vert trekt utanom stølsdalen. I gjeldande kommunedelplan er store delar av dalbotnen lagt ut som øvingsområde/skytefelt for Hv10. Bandlegginga er ført vidare i nyleg vedteken arealdel i kommuneplanen. Grunneigarane er svært skeptiske til dette men har ikkje fått gjennomslag for at bandlegginga vart teken ut av planen. Dei etterlyser meir informasjon om kva ein slik bruk vil føre til.

MERKNADER

I framlegg til vernegrenser ligg omlag heile stølsdalen utanfor verneområdet. Med små justeringar kan grensa trekkast opp mot fjellsona i dette klart avgrensa dalrommet. Dei verneverdige moreneavsetningane kan vernast etter pbl, anten ved egne føresegner til ein flatereguleringsplan med reguleringsføremålet spesialområde eller sikrast gjennom retningslinene til stølsdalen i FDP/kommuneplan. Her bør det gå fram at uttak av masse til vedlikehald av traktorvegen berre skal takast ut av dei førekomstane som allereie er opna langs vegen.

Den store konflikten i dette området vil vere dersom HV10 tek i bruk området til øvingsområde for skarpskyting med handvåpen/handgranatar. Ordføraren vil ta kontakt med HV10-leiinga med førespurnad om dei kan samordne slike aktivitetar i Nedrebødalen der Fjordane regiment har planar om tilsvarande aktivitetar.

Den relativt korte avstand frå bygda opp til stølssona og landskapet her med liten rasfare tilseier at området er spesielt godt egna som skiutfartsområde for barnefamiliar.